

Orresnora, Falkehytta, Mågahuset og Ørnhus Nokre stadnamn som har bakgrunn i fuglefangst

Av Inge Særheim

Namn och bygd 101 (2013), 51–66.

Inge Særheim, Department of Cultural Studies and Languages, University of Stavanger: *Orresnora, Falkehytta, Mågahuset* and *Ørnhus*. Some place-names referring to bird catching.

Abstract

A number of local place-names (microtoponyms) from southwestern Norway, along the coast as well as in the mountains, denote locations where birds have been caught. The semantic content of some toponyms provides specific information about bird catching in various locations. Several names refer to old hunting methods, some of them no longer known by common people. Some names from coastal areas refer to so-called *måk(e)hus*, i.e. ‘gull houses’, a special type of trap used to catch seagulls. Many toponyms from the mountains refer to catching white and black grouse. Place-names like *Ørnhus*, *Ørnhuset* and *Ørnahuset* refer to a so-called *ørn(e)hus*, i.e. ‘eagle house’, used when catching eagle. Of special interest are place-names giving information about falcon catching.

Keywords: Place-names, microtoponyms, southwestern Norway, bird catching, hunting methods, falcon catching.

1. Innleiing

Stadnamn i lokal tradisjon gjev interessant informasjon om samfunn, arbeidsliv og førestillingar i tidlegare tider, og slike namn er difor viktige kulturhistoriske kjelder. I namnetilfanget finn ein bl.a. opplysningar om dyreliv, fiske og fangst, både frå sjøen og strendene og frå områda inne i landet. Mange nemne for ulike fugleslag ligg føre i lokale stadnamn, og ein god slump av namn har bakgrunn i tidlegare fuglefangst. Ved å granska slike namn kan ein finna fram til fangststadene og få innblikk i fangstmetodar og tradisjonar som har vore knytte til fuglefangsten på ulike stader. Dei fleste namnedøma i denne artikkelen er henta frå kyst- og fjellstrok i Sørvest-Noreg.

2. Nokre metodiske avveingar ved bruk av stadnamn som kulturhistoriske kjelder

Eit kjennemerke ved stadnamna er at dei lokaliserer fenomen, aktivitetar og hendingar. Namna er knytte til geografiske punkt eller område og dei kan fes-

tast på kart. Dei gjer greie for kor noko har føregått, altså sjølve staden der det t.d. har vore busetnad, ferdsel og ulike arbeidsaktivitetar og gjeremål.

Eit anna kjennemerke ved stadnamna er at dei inneheld språkleg materiale som tyder noko, altså ord og namneledd som ber eit meningsinnhald. Orda som er nytta, fortel gjerne om noko som har vore knytt til staden. Dette innhaldet kan tolkast. Det språklege materialet som ligg føre, kan ofte identifiserast og den reale og saklege bakgrunnen for namngjevinga avdekkjast. Både den språklege og reale tolkinga vil gjerne ta form som ein argumentasjon for det som kan reknast som ei rimeleg tolking, og mot mindre rimelege tolkingar.

Nokre namneledd kan tolkast på fleire måtar, bl.a. fordi somme ord har fleire tydingar og kan vera nytta på ulike måtar i stadnamna. Metaforisk bruk av orda finn ein mange døme på i stadnamntilfanget, jf. skjernamn som *Galten*, *Sugga* og *Oksen*, dessutan eit namn som *Holmaramnen*, nytta om eit fram-spring på Ognaholman (Hå på Jæren) som skal likna på ein ramn (fuglen) sett frå ein viss vinkel.

Når ein bruker stadnamna som kulturhistoriske kjelder, må ein òg vera klar over at dei ikkje nødvendigvis er representative for tidlegare verksemder i eit område. I fjellbygda Sirdal (Vest-Agder), der det er registrert ca. 12 000 stadnamn, finst det t.d. berre eit par namn med fiskenemnet *aure* m., sjølv om det er fiska aure i dei fleste vatn, tjørner, elvar og bekker. Eit føreledd *Aure-* ville vera lite utmerkjande. Det ville ikkje skilja den eine tjørna eller åa frå dei andre. Men namn som *Fiskelaus*, *Fiskeløys* og *Øydevatn* førekjem somme stader, nytta om tjørner og vatn der ein ikkje har fått fangst.

3. Fangst av måke og andre sjøfuglar

Mange stader langs norskekysten har det langt attende i tid vore drive fangst av sjøfuglar. Om førekomst av sjøfuglar på øya Rott utføre Nord-Jæren skriv amtmann Bendix Christian de Fine ca. 1745 i boka *Stavanger Amptes udførlige Beskrivelse*:

Af oven ermelte Søe-Fugle findes uden for *Jæderen* paa een særdeeles herlig Øe i *Soele* Skibbr. ½ Miil fra Land *Rott* kaldet, saadan overflødig mængde om Sommeren, som der udlegger /: i Reede hos Reeder, i Steen-rever og Uhrer, samt paa den slette mark, saa mand neppe kand gaee imellem :/ deres Unger, og ere saa tamme og dristige at mand kand tage paa dem medens de ligger paa deres Æg, og unger. (de Fine 1745 s. 18.)

Ifølgje de Fine (op. cit. s. 39) dreiar det seg om «æder Fugle og Mange andre slags Søe-Fugle til at selge». Han omtalar denne øya (dvs. Vestra øyna på Rott) som «Fugle-Øen», og legg til at det her «er een saa forunderlig mængde om Sommeren af alle slags Søe Fugle, som flyver omkring i 1000-Tal og fyl-

der luften med Skrigen og skraalen af underskedelig lyd» (loc. cit.). De Fine gjev òg ei skildring av fangstmåten og korleis innbyggjarane på øya har utnytta denne naturressursen:

Og ere disse Fugle Opsidderne til god Nærings hielp, thj naar Ungerne ere ganske smaae, gaar Bønderne, og brekker det yderste Leed paa deres eene vinge, og lader saa Forældrene opføde dem, til de ere vel voxne og Fiærene tidig, da gjør de Jagt efter dem, og tager saadan mængde, at de end og Salter deres Kiød ned i Tønder og betiene sig af dem til Føde om vinteren, samt Fiærene. (de Fine 1745 s. 39.)

Også i ein amtmannsrapport frå 1860-åra er det gjeve ei skildring av denne fuglefangsten, som gjekk føre seg i månadsskiftet juli-august: «til hvilken samtlige Indbygger, Store og Smaa, samle sig. De vingeknækkede Fugle fanges da under en bedøvende Larm af den hele Maageflok» (Amtmannsrapport for Stavanger Amt 1861–1865 s. 14).

Fuglefangsten på Rott er elles omtala av Boye Strøm (1888) i Topografisk-statistisk beskrivelse over Stavanger Amt (i serien Norges Land og Folk). Også Strøm omtalar dette som ein fangststad for måke:

Paa vestsiden av Rott findes maagevær, der ligefra gammel tid har skaffet øens indvaanere en letvindt, men noget eiendommelig indtægt. Saasntart de udklækkede unger er blevne nogle dage gamle, sørger man nemlig for at knække den ene vinge paa et saa stort antal, som ansees passende for behovet. Naar derpaa ungerne er udvoksede, bliver de lemlæstede fugle fangede og slagtede; kjødet nedsaltes for husholdningen, og fjærene sælges. (Strøm 1888 s. 257–258.)

Bøndene på Rott fekk driva denne næringa heilt til 1903, men det året vart det mykje avisskriveri om «maagemyrderierne paa Roth» (Langhelle 1983 s. 101). Det vart sett fram påstand om at fangstmåten var dyreplageri, og saka vart teken opp med politimeisteren (Stavanger Aftenblad 24.10.1903). Etter fleire rundar i rettsstellet, og ei ny straffelov frå 1.1.1905 som omhandla mishandling av dyr, vart det slutt på denne fuglefangsten i 1908 (Stavanger Aftenblad 26.3.1908, 7.4.1908).

Blant dei som forsvara fangsten, var lærar Trøiel, som hadde vore på Rott i 1860-åra som lærar, og som hadde ete mykje måkekjøt. Han fortel til Stavanger Aftenblad (24.3.1908):

Det var dengang en ren begivenhed naar fuglen skulde tas; alle folk fra øen og mange folk fra fastlandet kom ud for at være med; et aar var presten der; som regel holtes det «maagebal», og herunder var det almindeligt, at jenterne skulde trækkes paa sjøen og dukkes! (Stavanger Aftenblad 24.3.1908.)

Det omtala fugleværet finn ein heilt vest på Rott, på ein stad som vert kalla *Skarvurda*. Like ved finn ein dessutan *Skarvaberg* og *Skarvavarden*. Desse namna dekkjer eit større område på Vestra øyna, som er den eine av dei to Rottsøyane – busetnaden ligg på den andre øya, kalla *Heimra øyna*. Dei




Fig. 1. Måkehus, teikna av Viggo Ree (Ree 1998 s. 200).

nemnde *Skarv(a)*-namna er tre av 20 stadnamn frå Jærkysten som inneheld fuglenemnet *skarv* m. (av slekta *Phalacrocorax*). Dette nemnet er gjerne nytta om steinar i sjøkanten og ute på sjøen der skarven sit (Særheim 1978 s. 145). Skarven er ein ettertrakta matfugl som strandbuen på Jæren og andre stader langs norskekysten har drive jakt på. Det finst ei rekkje ulike fuglenemne i namnetilfanget frå strandområda på Jæren. Bakgrunnen for namna er oftast faste tilhaldsstader for vedkomande fugleslag. Men i nokre høve kan namna ha bakgrunn i jakt, som i *Alkoden*, samansett med *alke* f. (*Alca torda*). Også denne staden ligg på vestsida av Rott.

Spesielle tradisjonar er òg knytte til nokre stadnamn frå Jærkysten som inneheld fuglenemnet *måke*. Namnet *Mågaholet* frå strandbakken på garden Reime er nytta om ein tidlegare fangststad for måkar. Her var det ei lita grop med tak over der jegeren stod og skaut måkar. Det vart lagt ut korn for å lokka fuglane på skothald. Jakta på denne staden skal ha teke slutt ca. 1920.

Frå strandområdet til garden Vistnes (nær grensa med Vistvik) i Randaberg på Nord-Jæren finn ein namnet *Mågahuset*. Det har etter alt å døma bakgrunn i ein tidlegare fangstmåte for måkar (og andre sjøfuglar). Denne fangstmetoden var i bruk på øya Utsira (Nordvest-Rogaland) så seint som under den siste verdskrigen. Der finst det enno personar som kjenner til fangstmåten og tradisjonen (Ree 1998). Namnet frå Vistnesstranden ser ut til å vera knytt til ein fangstplass som ligg like innføre eit berg i strandkanten. Sjølve fangststaden ligg inntil ein bergskrent som ser ut til å ha utgjort to av dei fire veggene i måkehuset.

På øya Utsira, som frå gammalt – og lokalt – er kalla *Sira*, er det registrert 59 fangstanlegg for måkar, såkalla *måkahus*, særleg vest og nord på øya (Ree

1998 s. 212, jf. òg Næss 1975 s. 309 og Særheim 1990 s. 37). Truleg har det funnest endå fleire måkehus. Slike innretningar er rektangulære eller kvadratiske, gjerne på frå 3 × 4 til 4 × 5 meter, og med steinvegger som er 40–50 cm tjukke (Ree op. cit. s. 199 ff.). Ofte vart husa bygde slik at ein naturleg fjellskrent danna den eine eller to av dei fire veggene. Over veggene vart det plassert ei solid treramme og på denne vart det spikra trestokkar (kalla *teinar* eller *måkahusteinar*) med mellomrom på 30–40 cm. I midten låg det ei eller to breie *fykefjøl*er. Fuglane vart lokka ned i fellene med utlagd mat, gjerne sild. Dei hoppa ned mellom fykefjøla og næraste tein, der avstanden var 40–50 cm, men dei vart stoppa av tverrstokkane då dei prøvde å flyga opp.

I eit måkehus på Pedlestemmen heilt nord på øya, kalla *Storhuset* (ca. 6,5 × 7 m), som vart bygd ca. 1890 og var i bruk til 1917–1918, skal det ha vorte fanga 1 000 måkar på ein dag (Ree op. cit. s. 205). Ein måtte nytta hest og slede for å frakta alle fuglane til garden. Elles var visst ein dagsfangst på 80–100 fuglar vanleg. Det var plass til 40–50 måkar på ein gong i eit middels stort måkehus. Det var særleg gråmåke (*Larus argentatus*) og svartbak (*Larus marinus*) som vart fanga, men òg ein sjeldan gong polarmåke (*Larus hyperboreus*), lokalt kalla *kvitmåke* (Ree op. cit. s. 209). Både fjørene og kjøtet på fuglane vart nytta, fjørene bl.a. til puter og dyner, og vengene til sopelimer. Måkehus er omtala i eit utskiftingsdokument frå 10. juli 1865 som omhandlar utmarka til gardane Skare, Klovning og Kvalvik, der det heiter:

Med Hensyn til Fuglefangst bemærkes, at dersom nogen lader sine Maagehuse blive staaende om Sommeren til Skade for Beitemarken paa Andens Grund, har at betale hver enkelt 1 en Spd. aarlig til Grundeieren. (Statsarkivet i Stavanger J. nr. 520/1973 s. 13.)

4. Snarefangst i fjellet

I ei bok om Gunhild Kvinen (1889–1985), som omhandlar dagleg liv på fjellgarden Kvina i Øvre-Sirdal, fortel hovudpersonen at geitehald og fangst av ryper i snarer var dei to viktigaste føresetnadene for å kunna overleva på slike fjellgardar: «Hvis det ikke var for rypa og geita, ville folk i Sirdal ha sultet i hjel. Snarefangst av ryper var den viktigste inntektskilden, og geita ga kjøtt og nærrende melk» (Håland 1975 s. 7).

I Øvre Sirdal vart det tidlegare fanga eit stort tal med ryper i snarer kvart år. Fuglane vart selde og utgjorde ei viktig inntektskjelde for fjellgardane. Eit toppår var vinteren 1911–1912, då meir enn 60 000 ryper skal ha vorte fanga i snarer (Sirdal 7 s. 206–209). Men rypefangsten kunne variera sterkt frå år til år. Som gjennomsnitt har ein rekna med ca. 9 000 ryper per år (loc. cit.).

hulle (med grasfleck’), *Snoreknuden* (Liland; *knut* m. ‘fjelltopp, nut’), *Sno-
rerindane* (Neset; *rinde* m. ‘bakkerygg’), *Snoreklatten* (Guddal; *klatte* m.
‘fjellknatte’), *Snorebakkane* (Ausdal; *bakke* m.) og *Snorehola* (Sinnes og Ne-
set; *hole* f. ‘søkk’). Namnet *Snoredraget* (Ausdal; *drag* n.) er nytta om eit fjell-
drag eller ein fjellrygg der ein pla setja snarer.

Det lokale ordet for fjellrype (*Lagopus mutus*), *skarv* m., finn ein bl.a. i
namn som *Skarveheia* (Skreå; *hei* f. ‘fjellvidde’), *Skarveklatten* (Suleskard;
klatte m.), *Skarvehaugen* (Suleskard og Fidjeland 2 g.), *Skarverinden* (Skeie;
rinde m.) og *Skarvedalen* (Vatnedal og Ausdal). I regelen dreiar det seg her
om gode snareplassar der det er mykje fjellrype (Særheim 1992 s. 204 f.).

Ordet for lirype (*Lagopus lagopus*) er i sirdalsdialekten *rjupe* f., uttala
/ˈru:ba/ (Særheim loc. cit.). Også dette nemnet ligg føre i ei rekkje stadnamn,
ofte nytta om stader der ein har sett snarer. Som døme på namn kan nemnast
Rjubetjørna (Ausdal, Listøl og Øksendal 3 g.), *Rjubedalen* (Ådneram 2 g.,
Fidjeland, Neset, Tonstad og Øksendal), *Rjubeholet* (Hompland), *Rjubeholen*
(Bjunes; *hole* f.), *Rjubeklatten* (Solheim), *Rjubetørnan* (Sinnes; *to* f. ‘fjellhyl-
le’ i bestemt form fleirtal), *Rjubekrona* (Tjørhom; *kro* f. ‘krå’), *Rjuberunnane*
(Neset; *runne* m. ‘busk, kratt, treklyngje’), *Rjubebakken* (Neset) og *Rjubhei*
(Liland; *hei* f.).

I namn som *Orresnora* (Tveiten) og *Orresnorbakken* (Ofteidal) viser *Orre-
til* fangst av orrfugl (*Tetrao tetrix*), kalla *orre* m. i dialekten. Dette er eit vanleg
føreledd i stadnamn, i fleire høve med bakgrunn i orreleik, dvs. stader der or-
ren pla spela om våren. Døme på stadnamn med dette fuglenemnet er *Orrelei-
ken* (Øksendal), *Orrerinden* (Solheim og Sporkland; *rinde* m.), *Orrelunden*
(Sporkland; *lund* m.), *Orreknuden* (Tjørhom, Hompland og Stuhaug; *knut* m.),
Orrenibben (Osen; *nibb(e)* m. ‘spiss fjellformasjon, framspring’), *Orretona*
(Ausdal, Osen og Virak; *to* f.), *Orreknollen* (Sinnes; *knoll* m. ‘fjellknatte,
bergknaus’) og *Orrehalsen* (Ådneram) – det sistnemnde er kanskje eit jam-
føringsnamn. I namnet *Haneknollen* (Rosstøl; *knoll* m.) siktar føreleddet *hane*
m. til orrhane.

Namnet *Ørkneklatten* (Ausdal 2 g.; *klatte* m.) har bakgrunn i førekomst –
her også fangst – av orrhøne, kalla *ørkne* f. i sirdalsmålet. Dette nemnet finn
ein òg i namna *Ørknekro* (Fidjeland; *kro* f.) og *Ørkneholet* (Osen og Espe-
tveit). Skogsfuglen tiur (*Tetrao urogallus*) blir kalla *tere* m. i Sirdal. Dette
nemnet finn ein i stadnamn som *Teråsen* (Guddal; *ås* m. ‘skogkledd berg-
rygg’) og *Teromdalen* (Fed). Det sistnemnde inneheld truleg ordet *hom* (m. og
f.), som svarar til ordet *kvam* m., jf. gno. *hvammr* m. ‘kort dal, søkk’. Ca. 180
namn frå Sirdal inneheld nemnet *hom*, nytta om krokhar, søkk og kvelvar i ter-
renget. Oftast er ordet hankjønn, t.d. *Hommen* /ˈhåmen/, men også hokjønn fø-
rekjem: *Homma* /ˈhåme/; båe namneformene er t.d. nytta om søkk i terrenget
på garden Bjunes.

Nokre stadnamn fortel om sær god snarefangst. Som føreledd siktar adjektivet *viss* ‘sikker, viss’ til at fangsten på vedkomande plass var sikker. Det ligg føre i namna *Visse runnane* (Neset; *runne* m.), der rypefangsten skal ha vore sikker, og *Visse lokken* (Suleskard), det sistnemnde vel samansett med *lokk* m. ‘kvist’. Også adjektivet *god* skal sikta til god rypefangst i somme namn, jf. *Goda dokka* (Fidjeland og Ausdal; *dokk* f. ‘søkk, lita hole’), *Goda lia* (Ausdal), *Gode rinden* (Ausdal; *rinde* m.) og *Godeklatten* (Neset) – det sistnemnde skal både vera ein god rype- og molteplass. Gode fangststader er elles *Gosen* og *Gosenland*, båe frå Suleskard; namna talar for seg sjøve.

Men mange fangststader for fuglar i fjellet har berre eit reint lokalitetsskildrande namn, som gjer greie for lokalitetstypen, og gjerne leiet i høve til andre stader. Blant mange snareplassar på garden Suleskard kan nemnast *Under Bjørnurda*, *Oppå Bjørnurda*, *Omnkrobenken*, *Innmed klatten*, *Under stora fjellet*, *Breidal* og *Breidalskardet*. På Mydland finn ein fangststader som *Molteadalsholet*, *Isaksbakken*, *Skjeredalen*, *Skakka lia*, *Store bjørkan* og *Teinebekkrinden*.

5. Fangst av ørn i fjellet og langs kysten

Mange stadnamn både frå kyststrok og fjellområde inneheld eit nemne for ørn, oftast med bakgrunn i tilhaldsstader og stundom hekkestader for dette fugleslaget. For innlandsområda dreiar det seg først og fremst om kongeørn (*Aquila chrysaetos*). Frå indre delen av Gjesdal kan nemnast døme som *Ørnajuvet* (Motland), *Ørnafjellet* (Rettland og Mjåland), *Ørnaheia* (Eikeskog), *Ørnareiret* (Rettland), *Ørnareirvegen* (Brådland) og *Ørnatona* (Motland). I dette området finn ein elles to stader namnet *Ørnhus*, nemleg på gardane Brådland og Eikeskog, båe stadene i nær tilknytning til gamle ørnereir (Molaug 1933 s. 71 f., 215). Namnet *Ørnhus* er òg nytta om eit berg med ein bratt fjellvegg på Østhus (Rennesøy) der det held seg rovfugl (Sunnanå 2007 s. 69), medan det tilsvarande *Ørnhuset* (bestemt form) er namn på eit berg på Eidland i ytre delen av Gjesdal.

På Eggjabø i Hjelmeland finn ein det tilsvarande namnet *Ørnahuset*, nytta om to store steinar med ei opning mellom. Frå denne staden er det tradisjon om ørnefangst, ifølgje Severin Eggebø (f. 1889), som har fortalt at både faren og bestefaren skaut ørnar her (Næss 1978 s. 145). Over opninga, der jegeren sat, var det dekt med lange steinar og torv. I muren mellom steinane var det eit lite hol til å stikka børsepipa gjennom. På passeleg skothald vart det lagt ut åte (loc. cit.).

Ordet *ørnehus* n. er i Norsk riksmålsordbok (4, 1983, sp. 4256) definert som «hus (felle) til å fange ørn i». I setelarkivet til Norsk ordbok 2014 er det

teke med opplysningar om bruk av *ørnehus* n. (også notert i forma *ørnhaus*) ved fangst av ørnar både på Vestlandet (frå Vestlandsnytt 2004 nr. 95, s. 32, sp. 1–2) og i Nord-Noreg (Katalog for Norsk skogbruksmuseum 38–39). Kjelda frå Vestlandet opplyser at slik fangst tidlegare var vanleg på øyar på Nordvestlandet. Frå kyststrok i Nordland er det fortalt at ørnar vart fanga levande med hendene. Ved hjelp av eit tau drog fangstmannen åtet og ørna inn til ei lita opning i ørnehuset. Deretter tok han tak i føtene til fuglen og batt dei saman. Det er fortalt om ein mann som fanga 16 ørnar på ei natt.

I fjellbygda Sirdal er det registrert 34 stadnamn med føreleddet *Ørne-*, i regelen med bakgrunn i tilhaldsstader for ørn, gjerne faste reirplassar (Særheim 1992 s. 205 f.). Namnet *Ørnelemmen* førekjem fire stader, nemleg på gardane Lindeland, Hompland, Regevik og Oftedal, brukt om høgder eller fjellhyller som ligg rett opp frå gardstuna. Det er her nærliggjande å setja ordet *lem* m. til tydinga ‘loft; trev, hems’, med bakgrunn i fjellhyller der det stundom sit ørn (loc. cit.). Likevel er det freistande å spørja om ein annan bruksmåte av ordet *lem* m. kan vera aktuell i slike døme, nemleg ‘luke, stengsel for opning i golv, tak eller vegg’.

Ordet *lem* er nemleg nytta om ‘fallem’, dvs. ein gammal fangstmåte som var i bruk så tidleg som i mellomalderen. Ein finn denne bruksmåten av ordet i stadnamn som *Gaubelemmen* (Dirdal i Gjesdal) og *Skrubbelemshovudet* (Tjørhom i Sirdal), der det dreiar seg om fangst av gaupe og skrubb (dvs. ulv). Då vedkomande dyr trødde på lemnen, ville denne falla ned eller svinga rundt slik at dyret fall ned i ei hule som var graven ut. Sahlgren (1964 s. 165–171) nemner svenske stadnamn som inneheld dette nemnet, dessutan nemnet *bås* m., som òg førekjem i mange svenske og norske stadnamn, jf. *Bjønnbåsen* (bl.a. på Underberge i Forsand og Brådland, Østabø og Mjåland i Gjesdal), *Revebåsen* (Hompland) og *Revebåsane* (Tveiden), dei to sistnemnde frå Sirdal. På garden Valevatn i Sirdal finn ein elles stadnamnet *Soksetona* (to f.), nytta om ei fjellhulle opp frå garden. Dette namnet er samansett med ordet *soks* f. ‘saks’, som truleg siktar til fangst av rovdyr eller rovfugl, kanskje fangst av ørn.

Også langs kysten finn ein, som nemnt, mange stadnamn som gjev opplysningar om stader der ørna har halde til, vel oftast havørn (*Haliaeetus albicilla*). Nokre av dei inneheld ein tidlegare målføreuttale av dette fuglenemnet, som *Ådnøyna* /'å:dnøynå/ frå Kvitsøy og Sandnes, *Ådnaberget* frå Kolnes (Sola) og *Ådnhaug* /å:d,n'hau/ frå Tu (Klepp) og Kvitsøy (Særheim 1989 s. 70). Det nemnde øynamnet *Ådnøyna* frå Sandnes (tidlegare Høle) vert òg nytta som gardsnamn, skrive *Arøen* 1519 og *Arnnøen* 1563. Det synest mindre rimeleg å tolka føreleddet i desse namna som mannsnamnet *Ådne*, som språkleg er skylt fuglenemnet.

Nokre namn går attende på gno. *ari* m. 'ørn', t.d. *Arholmen* frå garden Nordland (Forsand), *Araskardet* frå Bogsdalen (Hå) og *Araseta* /"a:rase:to/ frå Utsira. Det sistnemnde er nytta om det høgaste punktet på øya, der fyret ligg. Dette er ein gammal hekkeplass for havørn, noko som også namnet *Ørnareilsdalen* (dvs. 'ørnereirdalen') frå same området indikerer (Særheim 1990 s. 81). Det er nok denne staden amtmann de Fine har i tankane i følgjande skildring:

Paa *Udziire* opholder sig og adskillige slags Søe Fugle, men det er merkeligt at der aarl. tilholder og værper et Par Ørne, hvilke ej alleene jager alle andre kommende Ørne bort, men end og deres egne Unger, naar de blive store, da maae de og flyve derfra, saasom de aldeeles ej vil lide dem paa Øen hos sig, og dette Par Ørne dræber fra Bønderne aldrig noget Lam eller Faar. (de Fine 1745 s. 46.)

6. Falkefangst

Det finst éin rovfugl som har ei særstilling når det gjeld fangsthistorie og representasjon i stadnamna, nemleg falken. Ordet *falk* m. i nordiske språk er eit lån frå mellomlågtyisk; kanskje har det samband med at bruken av falkar under jakt, og fangst av slike fuglar til dette føremålet er påverknad frå tysk og kontinental kultur. «Jakt med slike fuglar har det knapt vori i det heile i Noreg», skriv Bø (1963 s. 68), som legg til: «fangsten vart driven med det føremålet å skaffe fuglar til ei motejakt mellom fyrstar og stormenn ute i Europa». I Bø 1962 (s. 15) heiter det: «hunting with falcons (hawks) was done only very rarely in Norway, and then, for the most part, in the thirteenth and fourteenth centuries». Men i Danmark og Sverige har det vore slik fangst. I Soga om Olav den heilage fortel Snorre om ein norsk delegasjon som gjestar svenskekongen Olav Skotkonung:

kongen rei ut med haukane og hundane sine, og mennene hans var med han. Da dei sleppte haukane, drap hauken til kongen to orrar i eitt renn, og straks etter flaug han fram att, og da drap han tre orrar. Hundane sprang under og tok alle fuglane som kom ned. (Snorres kongesoger, 1979, s. 285.)

At denne typen aristokratisk jakt har vore kjend blant den sosiale eliten i Noreg, går fram av Kongsspegelen (Konungs skuggsjá), der sonen stiller følgjande spørsmål:

Meiner De at han skal vake om natta og ha omsut for riket sitt så mykje han dagen etter kan leve dess friare, slik som eg frettar at kongane no har til vane på dei fleste stadene, anten å ri med haukar eller fare på veiding med hundar, eller ha ei eller anna slik moro som eg høyrer no er vanleg kongeframferd på dei fleste stadene. (Kongsspegelen, 1963, s. 152.)

Faren svarar bl.a. at det ikkje er «forbodi kongen ein gong imellom å moroe seg med eitkvart, anten det er med haukar, hundar, hestar eller våpen» (loc. cit.).

Det norrøne ordet for falk er *valr* m. Også dette ordet førekjem i stadnamn, i nokre høve kanskje med bakgrunn i fangst av falkar. Ein finn truleg dette fuglenemnet i gardsnamnet *Våskeland*, skrivne *Valskarðalande* (dativ) i 1292 (DN 1 s. 74, nr. 81), nytta om ein øydegard i Kvinesdal (NG 9 s. 295). Dette fuglenemnet er elles truleg føreledd i bruksnamnet *Valaberg* (*Wala-bergh* 1483) frå Jåttå i Stavanger (NG 10 s. 198, Særheim 2007 s. 249). Også i gardsnamnet *Valevatn* (*Wallewathne* 1664, *Wallewadzstøell* 1668) frå Sirdal kan føreleddet tolkast som gno. *valr* 'falk'. Namnet siktar her opphavleg til innsjøen Valevatnet (Særheim 1992 s. 101, tolka annleis i NG 9 s. 342). Av fjellnamn frå Nord-Rogaland som truleg inneheld dette fuglenemnet, kan nemnast *Valhest* frå grensa mellom Tysvær og Haugesund og *Valåsen* frå Skjold.

I det eldste norske lovverket, Gulatingslagen og Frostatingslagen, er det gno. *haukr* m. som er nytta når det dreiar seg om fangst av jaktfuglar. Men den islandske lovboka Grágás nyttar gno. *valr* i slike samanhengar. Av haukar som vart nytta under fangst, dreiar det seg først og fremst om hønehauk (*Accipiter gentilis*), og av falkar om jaktfalk (*Falco rusticolus*) og vandrefalk (*Falco peregrinus*).

Av sagalitteraturen og annan litteratur frå mellomalderen går det fram at falkar og haukar i denne perioden vart fanga i Noreg og eksporterte til det europeiske kontinentet, særleg til Danmark, Tyskland og Nederland, dessutan til Dei britiske øyane. Der vart fuglane nytta under fangst. Slike fuglar var elles ei sær s gjæv og ærefull gåve i kongs- og fyrstemiljø og blant andre stormenn (Thorsen 2007 s. 83 ff.). I Flateyjarbók er det fortalt at Håkon jarl eitt år sende 50 haukar som ei gåve til danskekongen Harald blåtann: «sendir Hakon jarll Haralldi konungi a einu sumri fimtuge hauka» (Flateyjarbók 1 s. 107). Av denne grunnen kalla Harald blåtann Noreg for si *Haukey*. Det blir òg fortalt at Håkon skulle betala skatt som bl.a. omfatta 60 haukar (falkar) til danskekongen: «hann skyllði giallda skatta þa alla er fyrr uar sagt. en þat var hundrat marka gullz ok .lx. hauka» (loc. cit.).

Falkar frå Noreg, Island og Grønland skal ha vorte rekna som sær verdfulle. I eit diplom skrivne i Avignon 12. september 1347 (DN 6 s. 212, nr. 184) takkar pave Clemens VI den norske kongen Magnus for dei kvite falkane og andre gåver som han hadde motteke frå han. Norske falkar skal òg ha vorte sende til sultanen i Tunis og Egypt, ifølgje Absalon Pedersson Beyer (Beyer 1567 s. 13).

Det har vorte fanga falkar både i fjellet og langs kysten, noko som fleire kjende funnstader, lokal tradisjon og – ikkje minst – stadnamn reflekterer. Somme stader har ein halde på med denne verksemda til langt ut på 1700-talet (Bø 1963 s. 68). Ifølgje skriftlege kjelder hadde falkefangarar frå kontinentet, særleg frå Nederland, opparbeidd seg rettar til å driva denne

fangsten; dei betalte skatt til Kongen. I Sverige dreiv tyskarar slik fangst. Etter ei reise til Dalarna sommaren 1734 gjev naturforskarer Linné i *Iter Dalecarlicum* nøyaktige opplysningar, bl.a. med fleire teikningar, om fangststader og fangstmåtar i grensestroka mellom Sverige og Noreg (Linnés *Dalaresa*, 1953, s. 78 ff.).

Det er dokumentert at nederlendarar fanga falkar i Rogaland og Vest-Agder på 1500- og 1600-talet. I Det første forsøg paa Norges naturlige historie skriv biskop Erich Pontoppidan bl.a.: «her i Norge, fornemmelig i Østerdalen, saa og i Christiansands stift, særdeles paa Jedderen, falde ogsaa meget herlige Jakt-Falke, graa og hviide, større og mindre» (Pontoppidan 1753 s. 118). Opplysningar om falkefangst på Jæren finn ein elles i *Norske Regnskaber og Jordebøger* frå 1520–1521 (1 s. 690), der det er gjort greie for skattlegginga. Ein kan likevel rekna med at denne aktiviteten er ein god del eldre i dette området.

Eit såkalla falkeleie, dvs. ein stad der det vart fanga falk, låg på garden Kvalbein i noverande Hå kommune på Sør-Jæren. På denne garden, i grensa med nabogarden Kvasheim, finn ein haugnamnet *Falkhaug*, som etter alt å døma har bakgrunn i falkefangsten i dette området. Det flate strandområdet nedføre haugen heiter *Leiet* /'leie/, medan ein stor stein heiter *Leiesteinen*, og ein mindre stein *Litle Leiesteinen*. Også nemnet *leie* n. har venteleg bakgrunn i at det her dreiar seg om eit gammalt falkeleie, der det i tidlegare hundreår vart fanga falkar. Det er ikkje truleg at namnet *Leiet* har bakgrunn i ein liggjestad for husdyr, for det vert i jærmalet omtala som *lege* f. /'le:ga/. Namn som *Lega* /'le:gå/ og *Bulega* /'bu:le:gå/, som førekjem mange stader på Jæren og i tilgrensande område, har bakgrunn i liggjestader for husdyr (bufe).

På den nemnde staden i Hå finn ein òg namnet *Fuglaviga*, nytta om ei vik der det held til mykje strandfugl. Dette er elles kjent som ei av dei beste tarevikene på Jæren. Tidlegare – særleg i åra 1890–1930 – vart taren mange stader langs Jærstrendene sankt, tørka og brend, og oska vart eksportert til bl.a. Skottland, der ho vart nytta i framstillinga av jod. Taren gav strandgardane viktige inntekter. At det er mykje tare i denne vika, er vel hovudgrunnen til at det held til mykje strandfugl her, noko som truleg er ein viktig grunn til at det har kome falkar her, særleg vandrefalkar, og at dette har vore ein høveleg stad til å fanga falk.

Ifølgje Tingbok for Jæren og Dalane frå 1. februar 1686 (Ba 42 1686 s. 2a–3a), var falkefangsten slutt i Hå på den tida, altså kring midten av 1600-talet. Dette vart stadfesta av lensmann Rasmus Eriksen Haarr og Lars Hanssen Haarr, båe frå Hårr, som er grannegard til Kvasheim. Dei vitna at falkar ikkje hadde blitt fanga i dette området i deira levetid.

Ein annan fangststad langs kysten av Jæren låg lenger nord i Hå, nemleg på garden Nærland. To stadnamn som er registrerte frå Nærland, inneheld ordet

hytte f., men det er uvisst om desse namna viser til fangsthytter som har vore nytta av falkefangarar, eller om dei viser til bygningar med andre føremål. Det sistnemnde er kanskje mest rimeleg. I det nemnde dokumentet frå 1686 vitna Erik Olsen Nærland at falkeleiet på Nærland hadde vore ute av bruk dei siste 50 åra.

Mange stadnamn frå norske fjellstrok inneheld eit nemne for fuglen falk, i nokre høve har namna bakgrunn i falkefangst. Svært vanleg er føreleddet *Falk-*. Frå fjellområda i Sirdal kan nemnast *Falkeknuden* (Hompland og Tonstad), *Falkefjellet* (Fidjeland, Valevatn, Eigeland, Liland og Tonstad), *Falckerinden* (Hompland) og *Falkåna* (Tonstad). I dei fleste høva siktar namna til tilhaldsstader for falkar, gjerne hekkestader.

I nokre stadnamn frå Sirdal refererer ordet *hytte* f. til den spesielle typen hytte som vart bygd for å fanga falkar og som vart nytta av falkefangarar. Ein varslar (fugl) gav melding om når falken nærma seg. Då falken prøvde å ta ei lokkedue som vart heist opp på ei stong ved hytta, kasta fuglefangaren eit nett over falken og fanga han. Nemnet *falkehytte* f. ligg føre i namnet *Falkehytta* (Josdal), og nemnet *hytte* f. i *Hytteheia* (Suleskard og Vatnedal) og *Hytteberget* (Hompland). Ein gammal fangststad for falkar er funnen nettopp på fjellplatået Hytteheia i Suleskard. Denne staden er omtala av B. M. Keilhau i reiseskildringa Reise i Lister- og Mandals-Amt i Sommeren 1839:

Paa Höiderne, som derefter vare at passere til Haahelleren (de stige op til omtrent eller lidt mere end 3000 F.o.H.), har man i Fortiden drevet Falkefangst; man viste os Tomten efter de fremmede Jægeres Hytte samt Stedet, hvor Duen udsattes. (Keilhau 1839 s. 377.)

Stadnamnet *Falk(a)hytta* førekjem elles to stader i Tysvær (Nord-Rogaland), nemleg frå grensa mellom gardane Dalva og Øverland, og på Baustad (Næss 2001 s. 135, 473). På Dalva finn ein òg relasjonsnamnet *Falkhyttekra* /"falkytekra". I Norske lensrekneskapsbøker 1548–1567 (3 s. 56) er det frå dette området (under garden Nessa i Hindarå prestegjeld) nemnt ein «Her Jens po Ness fugle konge», som truleg siktar til ein falkefangar.

Også på Karmøyna var det falkeleie, i alle fall heilt sør på øya, på Skudenes, og kanskje vart det òg fanga falkar lenger nord, på Åkra (Fyllingsnes 2000 s. 337 ff.). I Norske Regnskaber og Jordebøger (1 s. 83) er det frå 1518 opplysningar om at presten på Avaldsnes betalte 20 rhinske gylden på vegne av Cornelius Falckeness for eit falkeleie i Skudenes. I Norske lensrekneskapsbøker 1548–1567 (4 s. 12) er det opplyst at Henndrich Peithers i 1567 betalte 5 dalar til kongen for leige av Skudenes falkeleie (Fyllingsnes op. cit. s. 341). Elles peikar Fyllingsnes på at stadnamnet *Falkenhaug* på Åkra «kan indikere at det fantes fangstplasser også på Vest-Karmøy» (op. cit. s. 337).

Liknande namn og fangststader er funne fleire andre stader i Noreg, jf. Barth 1975 s. 121–133 og Barth & Barth 1984 s. 219–247. Jacobsen og Mol-




Fig. 3. Falkehytte, teikna av Viggo Ree (Barth & Barth 1984 s. 231).

tubakk har undersøkt ein fangststad på *Falkfangarfjellet* i Skåbu (Oppland), jf. Jacobsen & Moltubakk 1992 s. 46–64. Ifølgje Bø (1962 s. 27–59) er namneleidd som *Falkfangar-* og *Falk(e)hytt-* pålitelege kjelder som viser til fangststader. Blant døme frå fjellstroka i grensa mellom fylka Sør-Trøndelag, Oppland og Hedmark kan nemnast *Falkfangarvola* (Tydal), *Falkfangarhøgda* (Røros, Nord-Fron og Engerdal), *Falkfangarhøa* (Oppdal), *Falkfangarbekken* (Oppdal), *Falkfangarhytton* (Oppdal), *Falkfangarfjellet* (Nord-Fron), *Falkfangarmyra* (Røros), *Falkhyttvola* (Tydal), *Falkhyttjøna* (Tydal) og *Falkhyttkollen* (Dovre).

7. Sluttord

Av døma og omtalen ovanfor går det fram at ein i dei lokale stadnamna – i mikrotoponyma – finn mykje verdfull informasjon om fugleliv og fuglefangst i tidlegare tider. I nokre høve dreiar det seg om fangstmåtar som ein kan rekna med går attende til mellomalderen. Ved å granska stadnamn som har levd på folkemunne like til vår tid, kan ein lokalisera fangststader og i somme høve få opplysningar om fangstmåtar som tidlegare har vorte nytta. Av døma går det elles fram at stadnamna er sær verdfulle kjelder i tverrvitskapleg forskning, t.d. når ein set namna i samanheng med opplysningar som finst i eldre skriftlege kjelder og med spor i marka som er undersøkte av arkeologar. Fugle-

fangst er sjølvsgt berre eitt av mange saksområde der stadnamna kan nyttast i tverrvitskapleg samanheng.

Kjelder og litteratur

- Amtmannsrapport for Stavanger Amt 1861–1865. Statsarkivet i Stavanger.
- Barth, Edvard K., 1975: Fangsthytter for jaktfalker i norske fjell. I: Norsk skogbruksmuseum. Årbok 7 (1972–75). S. 121–134.
- Barth, Sonja & Barth, Edvard K., 1984: Falkefangertufter og falkefangst i Sør-Norge. I: Norsk skogbruksmuseum. Årbok 10 (1982–84). S. 219–251.
- Beyer, Absalon Pedersson, 1567: Om Norgis rige. Hist.-topogr. skrifter om Norge. Red.: G. Storm. 1895. Christiania.
- Bø, Olav, 1962: Falcon catching in Norway. Oslo. (Studia Norvegica 11.)
— 1963: Falkefangst i Noreg i nyare tid. I: Norsk skogbruksmuseum. Årbok 3 (1961–62). S. 68–120.
- de Fine, Bendix Chr., 1745: Stavanger Amptes udførlige Beskrivelse. Red.: P. Thorson. 1952. Stavanger.
- Flateyjarbók 1. 1860. Christiania.
- Fyllingsnes, Frode, 2000: Karmøys historie – med de tusen hjem 2. Kopervik.
- Håland, Karthon, 1975: Gunhild Kvinen. Et liv i fjellheimen. Oslo.
- Jacobsen, Harald & Moltubakk, Nils Jørgen, 1992: Falkefangst i Skåbu. I: Årbok for Gudbrandsdalen. S. 46–64.
- Keilhau, B. M., 1839: Reise i Lister- og Mandals-Amt i Sommeren 1839. I: Nyt Magazin for Naturvidenskaperne 2. Christiania. S. 333–400.
- Kongsspegele. I: Den norrøne litteraturen 5. 1963. Oslo. S. 20–193.
- Langhelle, Svein Ivar, 1983: Soga om Sola og Madla 3. Sola.
- Linnés Dalaresa. Iter Dalecarlicum. Red.: Arvid Hj. Uggla. 1953. Stockholm.
- Molaug, Eldar, 1933: Stadnamni frå 28 gardar i Fossan (Forsand) herad i Rogaland. Upubliseret hovudfagsavhandling. Universitetet i Oslo.
- Norsk ordbok 2014. Setelarkivet.
- Norsk riksmålsordbok 4. 1983. Oslo.
- Norske lensrekneskapsbøker 1548–1567. 3, 4. Utg. av Riksarkivet. 1938, 1941. Oslo.
- Norske Regnskaber og Jordebøger 1. 1885. Christiania.
- Næss, Gunnvor Eggebø, 1978: Namn frå hei og heim i Årdal i Ryfylke. Upubliseret hovudfagsavhandling. Universitetet i Bergen.
- Næss, Hans Eyvind, 2001: Tysvær. Gard og ætt. 7. Tysvær.
- Næss, Jenny Rita, 1975: «Holmen i Havet». Reisebrev fra Utsira. I: Frå haug ok heiðni 3. S. 299–309.
- Pontoppidan, Erich, 1753: Norges naturlige historie 2. København.
- Ree, Viggo, 1998: Måkefangst med «måkahu» på Utsira i Rogaland. I: Årbok for Karmsund 1997–98. S. 198–213.
- Sahlgren, Jöran, 1964: Valda ortnamnsstudier. Uppsala.
- Sirdal 7. Kultursoge 2. Red.: Elisabeth Seland. 2011. Tonstad.
- Snorres kongesoger: Snorre Sturluson: Noregs kongesoger. 1979. Oslo.
- Stavanger Aftenblad 24.10.1903, 24.3.1908, 26.3.1908, 7.4.1908.
- Strøm, Boye, 1888: Topografisk-statistisk Beskrivelse over Stavanger Amt. Kristiania.
- Sunnanå, Olav, 2007: Stadnamn i Rennesøy kommune. Rennesøy.

- Særheim, Inge, 1978: Stadnamn frå sjøen på Jæren. Upublisert hovudfagsavhandling. Universitetet i Bergen.
- 1989: Kvitsøy. Namn og stader. Stavanger.
- 1990: Utsira. Namn og stader. Stavanger.
- 1992: Sirdal. Namn og stader. Tonstad.
- 2007: Stadnamn i Rogaland. Bergen.
- Thorsen, Vivi Gogstad, 2007: Fangst og eksport av norsk rovfugl ca. 1100–1350. Upublisert masteravhandling. Universitetet i Oslo.
- Tingbok 1686. Sorenskrivaren i Jæren og Dalane. Tingbok Ba 42 1686 i Statsarkivet i Stavanger.
- Utskiftingsdokument 10.7.1865 (J. nr. 520/1973 s. 13) i Statsarkivet i Stavanger.

Summary

Orresnora, Falkehytta, Mågahuset and Ørnhus

Some place-names referring to bird catching

By Inge Særheim

Place-names are important sources about several aspects of cultural history. The names localize former traditions, activities and phenomena, and the semantic content of the names give information about the locations, e.g. about fishing and catching. There are, however, certain methodological challenges which must be taken into consideration when using toponyms as sources about cultural history, concerning the interpretation of the names and how representative the phenomena and activities mentioned are.

A number of local place-names (microtoponyms) from southwestern Norway, along the coast as well as in the mountains, denote locations where birds have been caught. The semantic content of some toponyms provides specific information about bird catching in various locations. Several names refer to old hunting methods, some of them no longer known by common people.

Some names from coastal areas refer to so-called *måk(e)hus*, i.e. ‘gull houses’, a special type of trap used to catch seagulls, constructed of stone walls and wooden slats and boards. The birds were able to get into these ‘houses’ to get the bait, but they could not get out because of the boards and slats. Many toponyms from the mountains refer to catching white and black grouse, which earlier was an important condition for being able to survive on many mountain farms in Norway. A large number of black and especially white grouse were caught in snares and sold every year. A quite common first element in place-names from the mountains is *Snore-* (‘snare’). Place-names like *Ørnhus*, *Ørnhuset* and *Ørnahuset* refer to a so-called *ørn(e)hus*, i.e. ‘eagle house’, used when catching eagle. Eagles were caught in the mountains as well as along the coast.

Of special interest are place-names giving information about falcon catching, which earlier took place in the mountains as well as along the coast, dating back to medieval times. Most of the falcons caught were exported to the European continent and the British Isles, where they were used in falconry. The name *Falkehytta*, which appears in Sirdal (Vest-Agder) and Tysvær (Rogaland) refers to a special type of hut constructed to catch falcons, used by the falcon catcher.